

Studietur til Danmark 5.-7. sept. 2013

Jæren vannområde/Frivillige tiltak i landbruket

Referat av Ragnvald Gramstad og Geir Paulsen

Torsdag 7. september - Besøk og føredrag på Vitensenteret i Skeiby



På vitensenteret vart vi tatt imot av Hans Roust Thysen. Han var møteleiar og hadde lagt opp eit kjempeflott fagprogram saman med Monica Dahlmo, Olav Husveg og Olaf Gjedrem. Hans var også med oss på turen til Skjern.

Visjon for Vitensenteret i Skeiby er: « Vi sätter viden i arbeid». Dei er totalt 500 tilsette – 7 av 10 har høgare utdanning. Omsetning på 569 millionar 2013. Ca 62% av inntektene kjem frå sal og brukarbetaling. Resten frå ulike prosjekt om landbruk og matvarer.

DLBR – Dansk landbruksrådgjeving har 3000 medarbeidarar for ca. 45 000 brukarar/bedrifter. Det er 32 landbo-/rådgjevingssenter spreidd over heile Danmark.

Forvaltning av utmarksareal – landskonsulent Heidi Buur Holbech

Vitensenteret lagar kunnskapsgrunnlag om bruk og skjøtsel av naturareal og forvaltning for rådgivarane rundt om i landet, som faktaark, brosjyremateriell for eksempel

Mange naturareal krev beiting. Ein ser nå på naturpleie, særleg beiting, som ein «forretningside» for bønder med beitande husdyr. Det er stort behov for meir beitande dyr, særleg ekstensive kjøttferasar.

Natur 2000 er areal med landskapstypar som er verna/beskytta, der ein legg til rette for trua/verna arter. Det er ofte lettast å få til avtaler om viltpleie – fordi det er lettare å få bonden med når det er jakt og fiskeinteresser inn i bilete

Dei mest verdifulle områda er beskytta/verna gjennom Naturbeskyttelsesloven, såkalla «§ 3-areal». Dette er for eksempel heiområder(heder), strandenger, myrar osv. Arealet må vera minst 2500 m². Lova vart innført i 1992/93 – og arealbruken i 1992 dannar utgangspunktet. Ein må ikkje intensivera drifta (for eksempel drenering, gjødsling, sprøyting, nydyrking), men kun halde oppe drifta på nivå med 1992.

Ca 10 % av arealet er verna. Bonden må sjølv finna ut om han har verna areal eller ikkje. Han kan bli straffa dersom han øydelegg for trua artane på arealet, for eksempel med nydyrking. Tilskotsordningane for skjøtsel av slike areal gjev kr 2000 kr /ha for beiting, og 1000 kr /ha for slått. For særleg verdifulle areal kan ein få 3350 kr /ha.

Men «Bøndene seier det er for lite pengar i det!» Dessutan er dei frustrerte pga. av usikkerhet om ordningane. Dei må bl.a. betala tilbake tilskot for skjøtsel dersom arealet blir underkjent, og stadige endringar gjer at ordningane er vanskeleg å ha oversikt over. Difor vegrar mange bønder seg for å vera med på støtteordningane.

Natur 2000-areal utgjer ca. halvparten av alle §3-areala. Danmark må melde tilbake til EU korleis beskyttelsen av Natur 2000-områda blir utøvd, ulike artar som finst osv.

Måla for Natur 2000 skal nås gjennom frivillige tilskotsordningar, det betyr at ordningane må vera «forlokkande» nok. Tilskotsordningane til miljøtiltak er i Danmark er konsentrert, og skal kun gå til «§3-areal» og til «Natur 2000-areal».

Biogass i Danmark – bioenergisjef Michael Støckler

Det er eit politisk ønske å utnytta energien i husdyrgjødsel til energiformål. Det blir totalt produsert 35 mill. tonn husdyrgjødsel pr år i Danmark. Målet er at 50% av dette skal utnyttast til biogass.

Prisen på strøm levert til nettet i Danmark er 79 øre/kW. Det er ingen økonomi i å lage biogass av rein husdyrgjødsel. Utbytte pr m³ svinegylle er berre 10-15 m³ metan. Det blir gjort forsøk med å bruke roer som tillegg til husdyrgjødsel – roer har høgt avlingspotensiale, 2300 kg tørrstoff pr da. Men det er ikkje ønskeleg å komma i same situasjon som Tyskland, der dei brukar store areal med dyrka mark til for eksempel mais, som går til biogass.

Fakta om biogassatsinga:

Danmark har redusert energiforbruket frå 1990 til 2011, og andelen fornybar energi har auka sterkt, innan 2050 er målet for Danmark å vera uavhengig av olje , kull og gass.

Innan 2020 skal 30 % av energien vera ny fornybar energi

Energiforliket auka støtta til biogass. Prisen pr m³ gjødsel til biogass er 5,0-6,5 kr, av dette utgjer støttenivået nå kr 4,- pr m³.

Ca 70 biogassanlegg i Danmark i dag , og nye 40 biogassanlegg er planlagt. Men det er eit stor byråkrati, med 2 års saksbehandlingstid.

Dei fleste bøndene må betala litt for å levera gjødsel til biogassanlegg.

Økologane vil gjerne lage biogass fordi dei får ei meir plantetilgjengeleg gjødsel av bioresten, og kan ta betre vare på næringsstoffa.

Implementering av Vanndirektivet i Danmark – prosjektsjef Irene Wiborg

Handlingsplanen skulle vedtakast før jul 2012, men det blei kjent ugyldig på grunn av for kort høyringsfrist. Den er nå ute til ny høyring fram til 23/12-2013. Landmannsforeningen har nå saksøkt staten på fleire områder.

Kva gjekk galt? Svaret er m.a.:

- altfor generelle reglar
- liten involvering av dei som blei ramma
- liten regional/lokal tilpassing av tiltak.

Viktige punkter for god implementering er at alle har adgang til informasjon, at det blir køyrt gode høyringsprosessar og at alle berørte partar blir aktivt involvert.

Dei mest konkrete tiltaka i planen er pålegg om 10 m randsoner langs bekker og vassdrag (utgjør ca. 50000 ha) og bruk av fangvekst. Etter søknad m/kart kan ein få tilskot på 2100 kr/ha for åkerareal og 1200 kr/ha for grasareal. Karta som skal brukast har mange feil og mange søkjer ikkje tilskot, for det blir for komplisert.

Natur- og landbrukskommisjonen kom med ein ny rapport våren 2013 med 44 ulike forslag til tiltak i ein pakke. Det er viktig med målretta regulering, dvs. å lage tiltak/tilpasse typen tiltak til det området utvaskinga er. Tilpassing og tiltak bør skje så tett på den enkelte landmann som mulig. Men Danmark har ein veldig sentralistisk styring ! Det offentlege og bonden bør finne løysingane saman, men er staten klar for det ?

Bakgrunn, formål og kunnskap om randsoner/kantsoner – forskar Brian Kronvang Universitetet i Århus

Hovudformålet med randsoner er å redusera næringsavrenning og jordtap frå landbruksareal til vassdrag. Randsoner kan vera positive for både natur, miljø, og produksjonsinteressene, men kun viss dei blir utforminga og tilpassa til dei lokale forholda.

Positive effektar:

- Fange opp jord (og dermed fosfor) frå erosjon og overflateavrenning
- Konstruert på rette måte kan randsoner også fungere som reinsing av grøftevatn
- Randsoner kan gje større biologisk mangfald, særleg dersom jorda blir utpint gjennom hausting av biomassen som vekst i sona
- Planting av tre i randsona kan redusera erosjon i skråningane og dermed fosfortap
- Randsonene reduserer N-tap i større grad enn P-tap
- Randsoner kan ha effekt opp til 10 m, men 10 m overalt har lite for seg.
- Kravet om 10 m kantsoner vil leggje beslag på 40-50000 ha jord
- Randsoner skaper «ny natur» for befolkninga, i dag er berre 10 % av Danmark naturområder.
- Randsoner kan fungera som trekkvegar for vilt (viltkorridorar)

I Danmark hadde dei pålegg om 2 m kantsoner frå før, dagens krav er 8 m i tillegg, til saman 10 m. Randsoner kan ikkje gjødselast, sprøytast eller jordarbeidast. Ein kan hauste varig grasmark inntil 2 m frå vatnet, og kantsona kan også beitast. Gjenlegg med nødvendig jordarbeiding kan skje kvart 7. år, men også det utan bruk av gjødsel eller sprøyting.

Randsoner kan utformast på ulike måtar, som f.eks. med planting av tre, eller som reinsepark, f.eks. med ein kanal for sedimentering av grøftevatn parallelt med bekken/elva.

Hovudformålet med randsonene er å redusera fosforavrenning. Fosforavrenning utgjer årleg 2550 tonn fosfor i Danmark, av dette kjem ca. 60 % frå arealavrenning. Målet i Vannplan II er å redusera avrenninga med 210 tonn P, dvs. ca. 10 %, innan 2015. Tap av fosfor med erosjon og overflateavrenning frå dyrka mark er tradisjonelt berekna til å utgjera 7-35 tonn P pr år. Til samanlikning står «brinkerosjon», dvs. direkte graving i elvekantane for 275-645 tonn P, utvasking med grøftevatn står for 85-425 tonn (totalt), og ca. 60 tonn blir transportert til det øvre grunnvatnet.

Randsonene må tilpassast til dei lokale forholda. Vegetasjon, helningsgrad, jordtype og utføring av randsona er viktig. Pålegget om 10 m randsoner til alle vassdrag er dermed ikkje basert på fagleg grunnlag, 10 m er kun valt for å forenkla administrasjonen.

Ein ny modell som er utvikla for å berekna tap/tilbakehalding av sediment og fosfor, tar omsyn til helningsgrad, jordtype og breidde av kantsona. Modellen viser at ei 2 meter brei randsoner held tilbake 32 % av total P, medan 10 m brei soner held tilbake 62 %, og 20 m soner held tilbake 75 % av total P. Modellen er basert på dyrking av vinterkveite. Der det er låg risiko for jorderosjon, f. eks ved grasdyrking, er 2 m kantsoner nok. Ved stor risiko for jorderosjon er effekten av randsoner truleg undervurdert, og opp til 20 m må til i enkelte tilfelle. Dersom vegetasjonen blir fjerna/hausta i randsona gjennom mange år, vil ein på sikt oppnå ein utvaskingsreduksjon på grunn av redusert innhald av P i jorda (utpining). Dette vil også vera positivt m.o.t biodiversitet.

Randsona si evne til å halde tilbake overflateavrenning av P aukar mest opp til 4-5 m, med avtakande auke opp til 10 m breidde. Det ser ut for at 10 m randsoner har større positiv innverknad på nitrogenavrenning enn fosforavrenning. 10 m randsoner er berekna til å kunne redusera N-avrenning med 2000 tonn N, (målet er 9000 tonn). Derimot er effekten på fosfor berekna til å utgjera 2-20 tonn reduksjon. Dette er lite i forhold til målet i Vannplan II som er 210 tonn reduksjon.

Når det gjeld belastning med sprøytemiddel er det stor effekt opp til 5 m randsoner, avtakande effekt opp til 10 m.

Bruk av husdyrgjødsel i Danmark – spesialkonsulent Anette Vibeke Vestergaard

I tillegg til fosfor har dei i Danmark stort fokus på miljøproblem med bakgrunn i nitrogen. Dette bl.a. på grunn av at dei brukar grunnvatnet som drikkevatn, og dei har difor naturleg nok stort fokus på å unngå nitrat i drikkevatnet. I tillegg er dei grunne fjordsystema og nære kystvatnet i Danmark svært sårbare, og utsette for eutrofiering på grunn av for mykje nitrogen. Danmark har også hatt store utfordringar med å tilpassa seg internasjonalt avtaleverk for nitrogen som EU's Nitratdirektiv og Gøteborgprotokollen.

N-kvoter i landbruket vart difor innført i 1992. Målet var å redusera N-avrenning med 50%. Det vart også innført minimumskrav til utnytting av husdyrgjødsel, krav til gjødselplan og gjødselrekneskap.

Ved innføring av Vannplan II i 1998 vart N-kvotene reduserte med 10 %, og kravet til utnytting av N i husdyrgjødsel vart skjerpa med 15 %. Kravet til utnytting av N i husdyrgjødsel er nå 75 % av total-N for svinogjødsel, og 70 % for storfeogjødsel.

Alle vekstar/kulturar har ein spesifikk N-kvote pr da, i tillegg til anbefalt P- og K- gjødsling. Desse kvotene kan variera med jordtype, vanning, forgrøde, avlingsnivå, antal slåttar og kløverprosent i eng.

Eksempel:

Vårbygg etter korn på sandjord, med avlingsnivå 380 kg pr da, har ein N-kvote på 10,4 kg N pr da.

Vårbygg etter eng (kløvergress) på sandjord, med avlingsnivå 420 kg pr da, har ein N-kvote på 1,9 kg N pr da.

På same måte blir det laga N-kvoter for alle vekstar og areal på garden, og dette blir summert opp ein total N-kvote for garden.

Denne **totalkvoten** blir så korrigert for :

+/- **Årets N-prognose**, basert på ferske jordprøver.

- Reduksjon på grunn av **Effekt av nedpløying av fangvekst**

- Reduksjon på grunn av **Minimum utnyttingskrav for husdyrgjødsel**

= Då står ein igjen med **N-kvote som kan kjøpast** inn som mineralgjødsel

Regelverket har ført til at innkjøpt nitrogen i mineralsk gjødsel har blitt redusert med 50 % i perioden 1990-2002. Dette har gitt eit lågare proteininnhald i avlingane, men ingen avlingsreduksjon. Også fosfor-forbruket er blitt kraftig redusert, frå totalt ca. 100000 tonn P brukt i Danmark i 1990 (mineral- og husdyrgjødsel) til 60000 tonn i 2012

Gjødseldyrnehet og areal i Danmark og Norge (samanlikning med Norge er gjort av referentane):

I Danmark tar «dyreenheden» (DE) utgangspunkt i nitrogen, dvs. 1 DE = 100 kg N. I Norge derimot tar gjødseldyreenhet (GDE) utgangspunkt i fosfor, og 1 GDE = 14 kg P = gjødsel frå 1 ku, og arealkravet er 4 da/GDE.

Oversikt og samanlikning:

	Dyreenhed pr ha	Da pr Dyreenhed	Antal dyr pr 4 da i Danmark	Antal dyr pr 4 da (GDE) i Norge
Mjølkeku	1,7/2,3	5,88/4,35	0,52/0,68	1
Purker	1,4	7,14	2,4	3
Slaktegris	1,4	7,14	20	20
Høns	1,4	7,14	93	100
Kylling	1,4	7,14	1680	1750

Som ein ser har Danmark ulikt arealkrav pr DE for mjølkeku og dei andre dyreslaga, medan vi i Norge har same kravet (4 da pr GDE) for alle dyreslaga. I tillegg har Danmark differensiert kravet for mjølkeku, slik at normalkravet er 1,7 dyreenhed pr. ha (dvs. 7,7 da pr ku), men på intensivt drivne husdyrbruk «hvør over 70% af arealet dyrkes med roer, græs og græsefterafgrøder» kan ein ha 2,3 dyreenheter pr. ha. (dvs. 5,9 da pr ku).

Fredag 6.september – Rundtur med gardsbesøk i Skjern kommune



Gardsbesøk hjå Søren Kristensen (AANUMGAARD) Skjern Å.

Søren er 7. generasjon på garden. Tidlegare har det vore mjølkeproduksjon, og fram til 2004 var det kvigeoppdrett på garden. Dette er nå avvikla, og i dag består husdyrhaldet av om lag 110 kjøttfe av rasen Limousin og 50 stk. av rasen Aberdeen Angus.

Landbruksarealet består i dag av: Beitelanskap Skjern Å, (2000 daa) engareal for ensilering og høyproduksjon, noko land til økologisk produksjon (1040 daa) og ein del av arealet som hede. (ca. 1000 daa). Det vert i tillegg dyrka gulrot på om lag 120 daa, desse vert lagra ute i jorda med halmdekke. 120 daa til erter og korn.

Det er etablert samarbeid mellom 3 gardbrukarar om ein eigen kjøttbutikk. Det er dårleg økonomi i kjøtt.

Det var tilbake til 1987 at det Danske folketing tok beslutning om at i Skjern Å skulle om lag 22000 daa løysast inn av staten til våtmarksområde. Ein viktig bakgrunn for dette var at dette område har stor betydning som grunnvasskjelde. Grunnvatnet minka og det var viktig å sikra at dette vart teke vare på. I tillegg var det aukande fokus på planteliv og fugleliv. Arbeidet med tilbakeføring starta opp i 1999 og varte til 2003.

Generelt er det mange ulike retningslinjer for gjødsling, etablering av randsoner og forvaltning av landbruksareala i området. Søren er involvert i mange ulike prosjekt og tiltak, og ein får ofte kontroller frå myndigheitene. I fjord vart det gjennomført 7 ulike kontrollar på garden til Søren. Byråkratiet har lite forståelse for det praktiske liv. «Det offentleg sin manglande dialog med landbruket er skammeleg», sa Søren. Det er likevel god økonomi i ulike forvaltningstiltak, med tilskot opp mot 3400 kr/ha. Dessutan er det viktig å gjera litt for «det grønne», det gjer landbruket goodwill. Men derimot om ein ikkje er heilt korrekt i gjennomføring av ulike tiltak, kan ein oppleve at gjeldande tilskot vert trekt på dagen. Mange vel difor å ikkje søkje på desse tilskota. Søren kjempar for å endra betingelsane for danske bønder, men han vil bruka demokratiske verkemiddel framfor aksjonar.

Vest Jydsk Landboforening/Skjern kommune – prosjektleiar Lene Moth

Sidan 2009 har biolog Lene Moth vore tilsett i eit prosjekt i ei 50/50 stilling mellom kommunen og landboforeninga. Målet er å hjelpe den einskilde landmann med søknad om ulike prosjekt. Ho blir mykje brukt som ein kontaktperson/meglar mellom det offentlege/kommunen og den enkelte bonde. Dette får prosessane til å gå lettare. Dette gjer det også lettare å få bonden med på frivillige tiltak, og skepsisen mot kommunen blir mindre. Det kunne vera mange ulike typar prosjekt, gjerne knytt til naturplaner/vassdirektiv.

Dei har hausta positiv erfaring med ein slik person, Lene har i utgangspunktet kontortid på kvar plass i om lag ei 50% stilling hjå kvar.

Det er viktig med god dialog og kjenna godt til kollega. Dette er det einaste området i Danmark kor ein har ei slik delt stilling. Erfaringane er særst positive, landmennene er godt nøgd, og får til ei kvar tid god hjelp i den kompliserte papirverden.

Deltakarar på turen:

Alf Ole Bull Tornøe
Arve Fløysvik
Brigt Åge Høyland
Einar Varhaug
Hans Ivar Sømme
Jon Lund
Nono Dimby
Oddvar Wølstad
Olav Magne Tonstad
Olav Sande
Sjur Håland
Elin Valand
Monica Dahlmo
Alf Egil Vaula
Anfinn Rosnes
Anne Grethe Bø Cazon
Gudrun Kristensen
Harald Velde
Ola Andreas Byrkjedal
Sonja Herikstad Skårland
Rune Lian
Olav Husveg
Ragnvald Gramstad
Geir Paulsen
Magnus Folkvord
Olaf Gjedrem
Vidar Ausen
Ingvild Steinnes Luteberg

«Alle var samde om at det var ein gild tur». Takk til Olav og Olaf for prikkfri gjennomføring!

DANMARK:

Driv landbruk i våtmarksområde



STUDERER VÅTMARK OG AVRENNING. Norske bønder og byråkratar på studietur i Skjern Enge. Hagen til bonde Søren Christensen glir naturleg over i naturområdet, som blir brukt til beite for ammekyrne.

Den danske bonden Søren Christensen har kutta ut mjølkekyrne til fordel for ammeku og landskapspleie.

■ Sjur Håland

Christensen er sjuande generasjon som driv garden Aanumgård, like

aust for småbyen Skjern sør på Vest-Jylland. Gardsdrifta består av kjøtproduksjon på om lag 100 ammekyr. Samla areal er 3.300 dekar til slått og beite. Den energiske Søren Christensen har mange bein å stå på. – Eg har ein eigen slaktebutikk der eg sel noko av kjøtet frå eiga besetning, saman med gode historier, seier han. Alle

dyra blir slakta 22 månadar gamle. Førsetelen består av grovfôr – surfôr og beite. Tilskotet til produksjonen er knytt til arealet – i Danmark kalla hektartilskot.

I tillegg driv Søren Christensen naturpleie. – Eg prøver å tene pengar på jord som ikkje er i konvensjonell bruk, seier han. Området, som er ein del av naturområdet Skjern Enge, er på kring 2.000 dekar. Det meste av dette leiger han av Skov- og Naturstyrelsen. Området blir brukt til beite. Drifta byr på utfordringar – kjem det mykje regn, fløymer området over, og dyra må flyttast til tørt land.

SKJERN ENGE. Området er ført tilbake til slik det var før 1962. Dei fleste pumpeanlegga er ute av drift og området ligg under vatn i nedbørsrike periodar.



Tørrlagt på 60-talet

Våtmarksområdet og elva, Skjern å, vart, som ein del av effektiviseringa av det danske landbruket, omdanna til landbruksområde i åra 1962 – 1968. Elveløpet vart endra og jorda vart dyrka. Svære pumpeanlegg sytte for å hindre at området kom under vatn i nedbørsperiodar. Prosjektet vart

karakterisert som Danmarks største uttappingsprosjekt. Sjølve åa vart lagt i ein kunstig kanal som munna ut i Ringkøbingsfjorden. Prosjektet fekk ein langt høgare pris enn det danske bønder og utviklingsorienterte politikarar hadde drøymt om.

Tilbake til naturen

Åa med det tilhøyrande våtmarksområdet hadde frå naturen si side ein reinsande effekt på overflatevatnet, og dermed også på grunnvatnet, som danskane er avhengig av som vassforsyningskjelde. Næringsstoff frå overflata, særleg nitrogen, som tidlegare vart utnytta i våtmarksområdet, fekk no fritt leide til den kunstige åa og ut i Ringkøbingsfjorden. Utover på 80-talet vart det klart at prosjektet var ein stor miljø-tabbe og at området burde tilbakeførast til slik det var. I 2003 var prosjektet gjennomført, arbeidet inkluderte 43 kilometer nytt elveløp og flytting av 2,7 millionar kubikkmeter jordmasse.

Dermed var svære landbruksareal omgjort til naturområde, der store deler av arealet i periodar med nedbør står under vatn.

Meiningslaust byråkrati

- Vi bønder måtte venne oss til tanken på å drive gardane våre i samspel med naturen. I utgangspunktet var vi positive – og vi ville gjerne. Ulempa er å heile tida kommunisere med byråkratiet for å få aksept for det vi gjer her ute. Det er alt anna enn lett, strekar Christensen under. Han fortel at kravet til for eksempel ti meter breie randsoner må oppfyllast til punkt og prikke og centimeter. Kvart strekk med randsoner får sitt nummer, som blir kontrollert. Blir det funne feil, får det straks økonomiske konsekvensar. Utan omsyn blir tilskotet trekt – skjønn og åtvaringar er ukjend praksis, i følge bonden. – I 2011 hadde eg sju ulike kontrollar på garden. Det er dei utruelegaste ting som blir sjekka. Blant anna at alle øymerke på dyra

er føreskriftsmessig på plass – og at dyra ikkje beiter nærare våningshuset enn talet meter som er vedteke. – Byråkratiet frå København og Brussel frustrerer og er krevjande, fastslår Søren Christensen.

Erstatning eller ny jord

Våtmarksprosjektet i Skjern Enge utløyser statleg kompensasjon for areal som går ut av drift. Opp mot 350 kroner per dekar i 20 år. I enkelte høve kan bonden få til ein byttehandel med Staten. Det vil seie at ho eller han får erstatta arealet som går attende til naturen med ny jord. Slike erstatningsløyseringar er byråkratiske og tidkrevjande.

Diplomat mellom bonde og byråkrat

■ Sjur Håland

Om avstanden til Brussel og København er stor, er bonden og leiaren i den lokale landboforeninga, Søren Christensen oppteken av å ha den beste kontakten med lokale styresmakter. – Dialog er eit nøkkelord, seier Christensen. Lene Moth har diplomatiske eigenskapar. Det kan

tregast. Ho fyller ei prosjektstilling innan tema som vatn, miljø, natur, tilskotsordningar og landbruk. Jobben hennar skal ivareta både kommunen og bøndene sine interesser. Ho har kontor i både Ringkøbing kommune og Vestjysk landboforening sine basar, og har ei 50 prosent stilling hjå kvar. – Kall meg gjerne ein bølgebrytar, seier Lene Moth. Ho

erfarer at samarbeidet mellom kommunen og enkeltbøndene fungerer bra. – Rart at ikkje andre har prøvd same ordninga, seier ho. Å få til eit kombinert landbruks- og våtmarksområde – med redusert avrenning til Ringkøbingfjorden og samstundes ivareta bøndene sine interesser, krev saklegheit – og kommunikasjon som alle forstår, erfarer ho.

DIPLOMATISK RETTLEIAR. Lene Moth bryt barrierane og løyser flokane mellom bøndene og det offentlege sine interesser. Ho har 50 prosent stilling hjå kvar av partane. Her er ho i samtale med Vidar Aussen fra Time kommune.



GRØN BONDE. Søren Christensen driv økologisk kjøtproduksjon med ammekyr. Store deler av grasarealet han driv er definert som naturområde.

